



DEN NORSKE KYRKJA
Dovre kyrkjelege råd

MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Tirsdag 5. desember 2023 kl. 18.00-21:30	Klukkarhaugen

TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Helle Hundevadt, Jostein Dalslåen, Ann Kristin Moldal og Else Karin Stigen
Dombås sokn: Inger Pauline Gravem, May Britt Storheil, Gro Anita Myhren og Monica Øvstedal.
Geistlig repr. Bente Sverdrup
Kommunerepr.: Knut Nytnun

Med tale- og forslagsrett:

Frå Dovre sokn: Frode Sten og Elisabeth Halle
Kyrkjeverje: Steinar Grønn
Prosjektleder: Elin Marit Andgard
Diakon: Kjersti-Oline Speikland
Kunstgruppa: Hans-Jacob Dahl

SAKER TIL HANDSAMING

SAK 75/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
SAK 76/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - KUNSTPLAN
SAK 77/23	REFERAT OG ORIENTERINGER
SAK 78/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - ØKONOMI, STATUS OG FRAMDRIFT
SAK 79/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - FARGER GALLERIFRONTNER
SAK 80/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - LJOSARMATUR/PENDEL
SAK 81/23	VALG AV UTVALG OG KOMITEAR
SAK 82/23	SUPPLERINGSVALG: KUNSTGRUPPA OG INNSAMLINGSKOMITÉ
	Ord for kvelden v/soknepresten

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 75-82/23 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Else Karin Stigen
Elisabeth Margrethe Griehm Halle
Inger Gravem
Ann Kristin Moldal
Gro Anita Myhren
Knut Nytnun
May Britt Storheil
Jostein Dalslåen
Helle Hundevadt
Frode Sten
Monica Øvstedal

Innkalling: 30. november 2023.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

SAK 75/23 NYE DOMBÅS KYRKJE – KUNSTPLAN

Saksopplysninger:

Vedlegg

- Kunstplan, datert 11.07.2023

Prosess

DKR 31.05.21: Sak 14/21 - Kunstnerisk utsmykning – mandat til arbeidsgruppe

Det nedsettes en gruppe som utreder kunstnerisk utsmykning. Kunstnerisk utsmykning har til formål å understøtte kirkerommets funksjon og formidling av budskapet.

Mandat/oppgave: Innen 1.12.21 levere et notat som inneholder vurderinger og anbefalinger og som kan danne grunnlag for DKRs vedtak om videre beslutning/prosess for kunstnerisk utsmykning, herunder elementenes utforming, utførelse og kunstuttrykk.

Det var lenge uklart hvilken tilstand det var på kor-inventar og hva som kunne brukes igjen. Fristen for gruppa ble derfor utsatt.

DKR 1.6.22: Sak 17/22 Nye Dombås kyrkje - inventar

Rådet vedtok at korinventaret skulle restaureres.

DKR 27.10.22: Sak 34/22 – Nye Dombås kyrkje – utsmykning og farger

DKR støtter arbeidsgruppas anbefalinger i rapporten fra kunstutvalget

- Det gamle inventaret i koret bevares og gjenbrukes i størst mulig grad.
- De tapte maleriene gjenskapes av en kunstner. Vi foreslår at tre kunstnere inviteres til en konkurranse hvor de leverer skisseforslag til samtlige malerier, inkludert prekestol og kuppel.
- Fargen på inventarets rammeverk gjenskapes med original utforming og fargeskala (rødfarge + ulike farger detaljer).

DKR 15.2.23: Sak 13/23 - Nye Dombås kyrkje – kunstnerisk utsmykning

DKR oppretter en arbeidsgruppe som får i oppgave å forestå alt praktisk arbeid:

- Utarbeide konkurranse-beskrivelse
- Utlysning av konkurranse (prekvalifisering)
- Anbefaling til rådet om valg av 3 eller 4 kunstnere
- Sørge for utstilling
- Framlegge en begrunnet innstilling til rådet om valg av kunstner
- Følge opp arbeidet med utsmykningen

Økonomi

DKR har gjort flere vedtak om økonomi for utsmykning:

- Kunstgruppa disponerte 30.000 til første fase – utredningen.
- Vedtatt i sak 16/22 at det kan brukes inntil kr 75.000 fra kirkefondet til dekor fongsvegg og utsmykning.
- Avsatt 50.000 kr til kunstnerisk konsulent ved valg av denne.
- Rådet garanterer for finansiering av trinn 1 og 2, inntil kr 355.000.
- I revidert budsjett for Nye Dombås kyrkje, DKR 23. mai 2023, var utsmykning inkludert i budsjettposten «inventar, utstyr, utsmykning» kr 760.000 og at det var forutsatt eksterne midler. I sak 77/23 er dette foreslått som en egen post.

Møtebehandling:

Hans-Jacob Dahl gjekk gjennom kunstplanen og svarte på spørsmål.

Innstilling:

Rådet sluttar seg til kunstgruppas forslag til kunstplan.

Rådet vedtar følgende reviderte budsjett for arbeidet:

Utgifter

Trinn 1 – konkurranse		260.000
Honorar 35.000 pr. kunstnar	140.000	
Adm.utgifter	45.000	
Kunstnerisk konsulent	50.000	
Utstilling av arbeider	25.000	
Trinn 2 – forprosjekt		150.000
Honorar til kunstar	150.000	
Trinn 3 – Utføring		625.000
Utføring, honorar, matr.	550.000	
Fondsvegg	75.000	
Møteutgifter		15.000
Sum utgifter		1 050.000

Inntekter

Forsikringsoppgjør	350.000	
Legatmidler	530.000	
Gaver	170.000	
Sum inntekter		1 050.000

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 76/23 REFERAT OG ORIENTERINGER

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 8. november 2023.**
- **Orienteringer:**
 - Informasjon frå diakonen om arbeidet i «Utval for barn og unge», Fasteaksjonen. Val av personar inn i diakoniutvalet. Arbeidet framover: Diakoniplan og strategiarbeid. Fasteaksjonen er en årlig aksjon og inntektene går til Kirkens nødhjelp. Innsamling eller andre metoder. Kan f.eks. vippes til Kirkens nødhjelp. Diakonen er opptatt av universell utforming. Ligger en del på www.kirken.no/ressursbanken om dette teamet.
 - Orientering om innhaldet i kurs for sokneråd som vart halde på Otta 30. november. Kirkevergen viste presentasjon og informerte.
 - Informasjon om Rådsopplæring 20. februar kl. 16:00 på Otta
 - Informasjon om arbeidet i Dovre kyrkjelege råd og arbeidsoppgåver for råd og utval. Mandat for utvalene fremskaffes.

Innstilling:

Protokollen frå rådsmøtet 8. november er godkjent.
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 77/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - ØKONOMI, STATUS OG FRAMDRIFT**Saksopplysninger:****Vedlegg**

- Budsjett og rekneskap for Nye Dombås kyrkje – byggherrebestemte tiltak

Innstilling:

Rådet tek orienteringa til etterretning.

Møtehandsaming:

Prosjektleiar orienterte om økonomi, status og framdrift og svarte på spørsmål.

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 78/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - FARGER GALLERIFRONTEN**Saksopplysninger:**

Rådet har vedteke at den originale fargepaletten skal nyttast. Denne saken handlar om fargeval på nedre del av galleribrystninga.

Galleribrystninga blir måla beige og grøn slik som bilete nedanfor viser. Kantplata på toppen blir svart. Nedre kant av galleribrystninga er om lag 28 cm. Det vart ikkje gjort fargeanalyse av dette. Eldre svart/kvitt-bilete viser at det var mørkare farge her enn brystninga elles.



Bilete tatt etter 1950

Arkitekt har ut frå dei gamle bileta først foreslått at kanten blir måla blå med svart lasering, slik som topp-plata av døypefonten. Prosjektlear og målar meiner dette vil gje eit tungt inntrykk, ikkje minst med tankje på at Dombåskyrkja har store galleri og relativt låg takhøgde. I underkant av galleribrystningen vil tak og taklist viast, båe i kvitt.



Gallerifront/brystning



Korskillet ferdig måla

Innstilling:

DKR vedtek at nedre kant av galleribrystning blir måla grøn som sprossene og med mørkegrønn horisontale lister (same farge som er brukt rundt vindauge og dører),

Møtebehandling:

Arkitektens redegjørelse og anbefaling av farger for bunnlist gallerirekkverk og trapp og rekkverk våpenhus vart utdelt.

Bilde av gallerifront med svart bunnlist presentert.

Forslag til vedtak frå prosjektleder:

Rådet vedtar farge på bunnlist som foreslått frå arkitekt: Blå bunnfarge med sort lasering, begge med linoljemaling.

Vedtak:

DKR vedtek at nedre kant av galleribrystning blir måla blå med sort lasur som arkitekten har anbefalt.

SAK 79/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - LJOSARMATUR/PENDEL**Saksopplysninger:****Vedlegg**

- Skisse på pendel frå ljosedesigner

DKR handsama ljosarmatur i møte 23. mai 23 og valgte alternativ 2 frå ljosedesignar, pris kr 168.900. I tillegg kjem elektrisk arbeid og snekkar for planlagt ljøs i handløpar i dei nye trappene. DKR ba vidare om skisser og kostnad for pendel/ljosekrone.

Dette var mottatt 31. oktober. Forslaget refererer til den originale armaturen på søylene i våpenhuset. Pendelen vil gje ljøs både ned mot midtrommet og opp mot kvelven.

Vi har spurt om det er mogleg å kompensere for ljøs i midtpartiet med spotter på gallerirekkverket, men ljosedesignar meiner det blir vanskeleg å få ljøs ned i senter utan å blende sitteplassar, i motsetning til ljøset frå pendelen.

Leveringstid er stipulert til 12 veker. Montering bør skje før stillas blir teke ned i veke 8.

Innstilling:

DKR bestiller pendel med diameter 80 cm.

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 80/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - PROGRAM FOR OPNING

Saksopplysninger:

DKR vedtok i november-møtet at opninga blir 24. mars, og at den fyrste offisielle handlinga blir gudsteneste med biskopen. Elles ønskjer rådet at det skal nyttast lokale aktørar den første helga. Sokneprest følger opp samansetning av komite og kaller inn til møte.

Pga. liten tidsbuffer i framdriftsplanen mellom intoning og palmesøndag, blir det foreslått å flytte opningsgudstenesta til etter påske.

Andre arrangement som markerer ny-opning kan være t.d.:

- Orgelkonsert
- Andre konsertar i eige regi og ved utlån/utleige
- Salmekveld
- Felles gudsteneste i lag med Lesja (tidlegare tradisjon)
- Foredrag, «bokbad» o.l.

Innstilling:

DKR vedtek:

- o Opningsgudsteneste søndag 21. april med kyrkjekaffe.
Sokneprest og kantor har ansvar for gudstenesta.
Rådet har ansvar for kyrkjekaffen.
- o Kyrkja blir tatt i bruk til gudstenester og kyrkjelege handlingar når den er klar.
- o Andre arrangement som markerer ny-opning blir planlagt og gjennomført av kyrkjestab og rådets utval innanfor budsjettamme.

Vedtak:

Som innstilling. Komite for kyrkjekaffe blir nedsatt senere.

SAK 81/23 VAL AV UTVAL OG KOMITEAR

Saksopplysninger:

Det er Dovre kyrkjelege råd som vel kva utval og komitear som dei ønskjer å ha, og kven som skal sitja i desse utvala. Det er ikkje nødvendig at dei som sit i komiteane sit i rådet. Det kan vera vararepresentantar eller andre ressurspersonar i kommune.

AU (Arbeidstutval) (Forberedelse av saker til rådsmøte)

Rådsleder, nestleder, kommunevalt representant og soknepresten.

Sekretær: Kyrkjeverja

Gudstenesteutval (Gudstenesteliv, liturgi og kyrkjemusikk)

Utvalet har tidlegare bestått av sokneprest, kantor + 1 representant.

AU foreslår at dette utvalet blir lagt ned, og at oppgåvene overførast til administrasjonen ved sokneprest, kantor og sekretær.

Diakoniutval (planer og diakonale tiltak)

Utvalet har tidlegare bestått av diakon + 2 representantar

AU foreslår at utvalet slås saman med «Barne- og ungdomsutval».

Kulturutval (konserter og pilegrimsdager)

Utvalet har bestått av kantor + 2 representantar

AU foreslår at utvalet skal bestå av kantor, sokneprest + 1 representant. AU er opne for at dette kan vera ein som jobbar med kultur i kommunen.

Barne- og ungdomsutval (trusopplæring og andre tiltak blant barn og unge)

Utvalet har tidlegare bestått av sokneprest + 2 representantar.

AU foreslår at utvalet slås saman med Diakoniutvalet, og at utvalet skal bestå av diakon, ein frå ungdomsrådet i kommunen + 1 representant frå råd/vara/ekstern.

PR-utvalg (Pr-profil, kyrkjeblad, SoMe)

Sokneprest, kyrkjeverje + 1 representant

Arrangementkomité (sommerope kyrkje, kyrjekaffe, dugnader)

Forslag om kyrkjeverje + 2 representantar

Kyrkjebladkomite:

Her treng me personar som kan bidra med stoff til bladet. Kan vera frå rådet eller ein ekstern ressurs.

Pilegrimskomite:

AU foreslår å utsetja skipinga av denne komiteen til me får ei avklaring med pilegrimssenteret om vidare deltaking i pilegrimsarbeidet på Hjerkin.

Møtebehandling:

Rådsmedlemmene blir bedne vurderer kva utval/komitear dei ønskjer å bidra i.

Innstilling:

Kyrkjeverja innstiller til same utval-struktur om i førre periode.

Vedtak:

Dovre kyrkjelege råd vedtek følgjande samansetning av komitear:

AU (Arbeidstutval) (Forberedelse av saker til rådsmøte)

Rådsleder, nestleder, kommunevalt representant og soknepresten.

Sekretær: Kyrkjeverja

Gudstenesteutval (Gudstenesteliv, liturgi og kyrkjemusikk)

Utvalet består av sokneprest, kantor og sekretær.

Diakoniutval /Barn og unge (diakonale tiltak blant barn og unge)

Utvalet består av diakonimedarbeidar, Inger Gravem og Elisabeth Halle.

Kulturutval (konserter og pilegrimsdager)

Utvalet består av kantor, sokneprest, Ann Kristin Moldal og Jostein Dalslåen.

PR-utvalg (Pr-profil, kyrkjeblad, SoMe)

Utvalet består av sokneprest og kyrkjeverje + 1 representant.

Her ble det ikke fattet noe vedtak om siste representant, men følgende ble foreslått:
Kristine Strande, Svein Rune Berg, Hans Jacob Dahl.

Arrangementkomité (sommerope kyrkje, kyrjekaffe, dugnader)

Utvalet består av kyrkjeverje, sokneprest, Siw Anita Killi Kvatningen, Frode Sten og Elisabeth Halle. Randi Brennhaug kan spørast som ressurs i forbindelse med sommerope kyrkje

Kyrkjebladkomite:

Komiteen består av Hans-Jacob Dahl, Helle Hundevadt og Gro Anita Myhren.

SAK 82/23 SUPPLERINGSVALG: Kunstgruppa og innsamlingskomite

Saksopplysninger:

Dovre kyrkjelege råd har hatt ein representant i kunstgruppa og ein representant i innsamlingskomiteen. Begge disse representantane går no ut av rådet, og det må veljast nye.

Innsamlingskomite (innsamling til kunstnerisk utsmykning av Dombås kyrkje)
Steinar Bothem, Erland Løkken, Per Thoresen, Åse Bentdal + 1 representant

Kunstkomite (val av kunstner til utsmykning av Dombås kyrkje).

Sokneprest, kantor, arkitekt Erik Langdalen, Hans-Jacob Dahl, Greta Tallerås + 1 representant

Møtehandsaming:

Kyrkjeverja ber om at rådsmedlemmer som kunne tenkja seg å sitja i eitt av desse utvala om å melda dette når saka skal behandlast.

Fung. kyrkjeverge informerte om at kantor (Jørgen Brandli) har søkt om fritak frå kunstgruppa, da han i tida framover vil få mykje arbeid med montering av det nye orgelet.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Vedtak:

Innsamlingskomite:

Ny representant frå rådet: **Jostein Dalslåen**

Kunstkomite:

Kantor går ut av komiteen. Soknepresten ønskjer ikkje å sitja i komiteen.

Ny representant frå rådet: **Elisabeth Halle**

Viss komiteen ønskjer å utvida med éin medlem, vart Astrid Sæther foreslått. Ho må i så fall spørjast og utvidinga må vedtakast i rådet.